



**Møteprotokoll  
for  
Ungdomsrådet**

**Møtedato:** 06.04.2017  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 14.30

**Til stades:** Jonas Askeland, Ida Herland, Mia Wergeland Roos, Marius Thorvaldsen, Daniel Bratshaug (vara Susanne Slettebakken) og Synne Matre.

**Meldt fråvær:** Silje Nordal, Simon Eilertsen, Thobias Mellingen og Linnea Opdahl.

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Skulefagleg rådgjevar i Meland kommune Reidun Elin Johannessen  
Rektor for Meland ungdomskule Hilde Brendehaug Hugaas

**Møteleiar:**

Jonas Askeland

---

Møtesekretær: Ane Bysheim

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
17/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
18/2017	Godkjenning av møtebok
19/2017	Referatsaker
21/2017	Kulturmidlar 2017 - uttale frå Meland Ungdomsråd
22/2017	Årsmelding Ungdomsrådet 2016
23/2017	Orientering til Meland ungdomsråd om anti-mobbe tiltak i skulane
20/2017	Aktuelle saker

## **17/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

**06.04.2017 UNGDOMSRÅDET**

**UR - 17/2017 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

---

## **18/2017: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Møtebok vert godkjent."

**06.04.2017 UNGDOMSRÅDET**

**UR - 18/2017 VEDTAK:**

"Møtebok vert godkjent."

---

## **19/2017: Referatsaker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Meldingane vert tekne til orientering."

**06.04.2017 UNGDOMSRÅDET**

**UR - 19/2017 VEDTAK:**

"Meldingane vert tekne til orientering."

---

## **21/2017: Kulturmidlar 2017 - uttale frå Meland Ungdomsråd**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv framlegg her

Meland Ungdomsråd går gjennom søknadane og leverer uttale.

## **06.04.2017 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 21/2017 VEDTAK:**

"Saka vert utsett til neste møte"

---

## **22/2017: Årsmelding Ungdomsrådet 2016**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv framlegg her

Årsmeldinga for 2016 vert godkjent

## **06.04.2017 UNGDOMSRÅDET**

Det er ei endring under UKM: Det står Modalen i utkastet, men skal være Masfjorden

### **UR - 22/2017 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet godkjenner Årsmeldinga 2016 med den endringa som framkom. Nestleiar jonas Askeland vil signere for leiar Silje Nordal"

---

## **23/2017: Orientering til Meland ungdomsråd om anti-mobbe tiltak i skulane**

**Rådmannen sitt framlegg:**

### **06.04.2017 UNGDOMSRÅDET**

Skulefagleg rådgjevar i Meland kommune Reidun Elin Johannessen informerer om krava skulane har til system, plikatar og elevmedverkand og korleis ein hentar inn informasjon og datagrunnlag. Johannessen viser korleis planane for arbeidet mot mobbing skulane i Meland kommune møter desse krava.

Hilde Brendehaug Hugaas, rektor for Meland ungdomskule går gjennom korleis Meland ungdomskule jobbar med mobbesaker og førebygging av mobbing. Som eksempel på konkrete tiltak nevner Hugaas mellom anna er det tatt inn i skulens reglement at som siste utveg er den som utfører mobbinga som skal bytte skule, ikkje den som vert utsett for mobbing. Det er og oppretta «mobilhotell» for å redusera digital mobbing i skuletida, og det vil være «kveldsskule» for elevar og føresatte med dette tema 4 mai.

Innspel/spørsmål til Reidun Johannessen og Hilde Brendehaug Hugaas frå ungdomsrådsrepresentantane er mellom anna:

«Kva endringar gjer de i planane ut frå at tala i undersøkjinga syner at det som er gjort ikkje er nok?» Jonas Askeland

«Korleis er oppfølginga av dei som mobbar – får dei den hjelpa dei treng?» Mia Wergeland Her nevner Johannessen og Hilde Brendehaug Hugaas at kommunen har som plan å få ansatt ein kommunespykolog. Dette meiner Ungdomsrådet er eit viktig og positivt tiltak.

Ungdomsrådet diskuterer saka vidare. Mellom anna meiner dei at skulane har mange gode tiltak, men at dette ikkje virkar godt nok. Dei diskuterer at det ikkje tas godt nok tak i saker, mangel på tilbakemeldingar i sakene, for lite samarbeid og at dei som mobbar får for lite konsekvensar og får lite oppfølging.

### **UR - 23/2017 VEDTAK:**

«Ungdomsrådet tar orienteringa til vitande. Ungdomsrådet ønskjer eit høgare fokus på tema og etterspør kva endringar som skal gjerast i planane i lys av resultatet frå undersøkjinga. Ungdomsrådet oppmoder til høgare fokus på samarbeid mellom skule og heim samt meir oppfølging og rettleiing av den utøvande part i mobbesaker.»

---

## **20/2017: Aktuelle saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meland ungdomsråd godkjenner Sigrid Aven Storheim som ungdomsrepresentant inn i fellesnemdas navnekomité.

### **06.04.2017 UNGDOMSRÅDET**

Ungdomsrådet gjekk gjennom Komiteen sine prinsipp for utvalg av navn, og hadde ingen innsejinger. Forslag til vidare prosess er at representanten informerer entn ved oppmøte i ungdomsråda eller ved et fellesmøte for representant frå ungdomsrådet. Alle konkrete navneforslag skal inn til einkommune.no via e-post, meldingar, Facebook eller gjennom media.

### **UR - 20/2017 VEDTAK:**

"Meland ungdomsråd godkjenner Sigrid Aven Storheim som ungdomsrepresentant inn i fellesnemdas navnekomité"

---